

Fra: Eirik Søyland Laskemoen Herdlevær (Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no)

Sendt: 06.11.2017 09:50:30

Til: 'Kjersti Ingolvsdotter Vevatne'; marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

Kopi: Ambjørg Reinsnos; Geir Arild Slettemark

Emne: RE: Fv. 555 Fjell og Sund kommune

Vedlegg:

image008.png;image009.png;image010.png;image011.png;image012.png;image013.gif;image014.png;image015.png;image016.png;image017.png;image001.png

Vedr. Fv. 555 Fjell og Sund kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 03.11. 2017.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved tilsendt planområde for ny Rv. 555 i Fjell/Sund kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.



Eirik Søyland Laskemoen Herdlevær / Marinarkeolog

eirik.soyland@sjofartsmuseum.no / 55 54 96 02

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Sjofartsmuseum.no

Haakon Sheteligsplass 15, 5007 Bergen



From: Kjersti Ingolvsdotter Vevatne [mailto:Kjersti.Vevatne@asplanviak.no]

Sent: Friday, November 03, 2017 6:02 PM

To: marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

Cc: Ambjørg.Reinsnos@hfk.no; Geir Arild Slettemark

Subject: Fv. 555 Fjell og Sund kommune

Hei!

Me har vore i møte med fylkeskonservator når det gjeld reguleringsplanar for ny fv 555 gjennom Fjell og Sund (Kolltveit-Austefjorden). Dei ba oss ta direkte kontakt med dykk når det gjeld eventuelle marinarkeologiske undersøkingar.

Ut frå kva eg er kjend med har de ved melding om oppstart signalisert at de vil ta stilling til om det er behov for undersøkingar på eit seinare tidspunkt. Planarbeidet er i gang, og me meiner det er ein fordel å få avklart alt som gjeld kulturminnelova så tidleg som råd er. Linja krysser sjø på eit punkt; ved Dalaholmen sør for Tellnes.

Venleg helsing



Kjersti Ingolvsdotter Vevatne

Arkeolog
Plan og urbanisme

T: 990 13 154

E: kjersti.vevatne@asplanviak.no

Asplan Viak AS

Fabrikkgaten 3
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen

T: 417 99 417

www.asplanviak.no

Kom i kontakt med Asplan Viak

Les vårt nyhetsmagasin

[KVARTALET](#)

